

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	12.juni - 2013	frå kl 19.00 - til 22.30
Sak frå : 33/2013 Sak til: 39/2013		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset

Frammøtte: 6 av 8 medlemar

Til stades

Medlemer:

Karen Skråmestø, Kjellaug F. Eidsaa, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland, Therese Ellingsund.

Varamedlem: Arvid Merkesvik

Meldte forfall: Martin Berland Øystese, Jonas Bratli

Administrasjonen: Geir Viksund

Andre frammøtte: Roger Fauskanger. Ivar Eidsaa og Lars Sørhaug.

Underskrifter:

.....
.....
.....

Referat frå møte 14.mai. Merknad: Det er ikkje mandatet til komitèen for bygging av nytt kyrkjelydshus å kontakte kommunen, men fellesrådet sitt mandat. Resten av referatet godkjent.

Sak nr/år

33/2013 Meldingar.

- Herdla sokneråd støttar forslaget til Askøy kirkelige fellesråd når det gjeld Stålsetutvalget.
- Datoar for soknerådsmøte hausten 2013:
 - Onsdag 14.august kl.19.00
 - Onsdag 11.september kl.19.00
 - Onsdag 16.oktober kl.19.00
 - Torsdag 19.november kl.19.00
 - Onsdag 4.desember kl.19.00

Alle møte vert i kyrkjelydshuset på Herdla.

- Vi skal lage ein plakatt og setje opp nede i vegen med: **Open kyrkje kl.15.00-18.00**

34/2013 Gudstenesteliste

- 17/05 Kl 11.00 Hanne Zimmermann Ølberg. Offer: Misjonsarbeidet v/Leif Heggernes.
Klokkar: Karen Skråmestø
- 19/05 Kl 11.00 Michael Møgster. Dåp. Offer: Sjømannsmisjonen. Felles for heile Askøy.
Grilling ved kyrkjelydshuset etterpå.
- 02/06 Kl 11.00 Gudsteneste på Fortet. Morten Lystrup. Nattverd. Offer: Arbeid i kyrkjelyden.
Konfirmantane sin dag.

- 16.06 Kl.11.00 Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: KIA
- 30.06 Kl.11.00 Astrid Marie Haugland. Nattverd.
- 21.07 Kl.11.00 Peter Johansen. Dåp. Offer: Arbeid i kyrkjelyden.

35/2013 Nytt kyrkjelydshus

Vegen vidare: Det vert vanskeleg å byggje eit nytt kyrkjelydshus oppe ved kyrkja. Det er ikkje økonomi til både nytt kyrkjelydshus og nytt museum. Kommunen vil ha sambruk av fortet/det nye museet til større arrangement i kyrkja og ulike andre aktivitetar utanom kyrkja. Soknerådet ønskjer likevel at komitèen arbeider vidare med forslag til ulike utkast til eit påbygg til noverande bårhuset.

36/2013 Betaling for jubileumboka.

Dei som har vore med i bokkomitèen får kvar si jubileumbok, det same får Meland kommune, Øygarden kommune, og Askøy kommune, samt kyrkjekontoret. Karen kontaktar Ingvar om vi får lov å selje boka på Spar Fromritoppen, og det same gjeld museet på Herdla. Dei tar kr.50 for kvar bok dei sel. Elles kan bøkene seljast i open kyrkje om søndagen+ på alle gudstenester. Bergen offentlege bibliotek får òg to bøker. Jubileumboka eller reklame for den bør liggje bak i alle kyrkjer på Askøy.

37/2013 Brev frå Leif Heggernes.

Soknerådet las brev frå Leif Heggernes, der han fortel om vanskelege økonomi i Senegal. Det vart vedteke at halvparten av det som kjem inn på sommarbasaren den 17.juni skal sendast til hans arbeid.

38/2013 Offerlista for andre halvår 2013: Herdla kyrkje.

- 30.06 Arbeidet i kyrkjelyden
- 21.07 Bymisjonen
- 18.08 Arbeidet i kyrkjelyden, 6-årsboka/barnearbeid
- 01.09 Norsk lærarakademi
- 15.09 Offer til ungdomsarbeidet i Askøy
- 29.09 BIM (Bergen internasjonale menighet)
- 13.09 Midthordland Indremisjon
- 27.10 Arbeidet i kyrkjelyden
- 03.11 Helgemessesøndag – som regel ikkje offer
- 10.11 Offer til Stefaniaalliansen
- 17.11 Arbeidet i kyrkjelyden
- 24.11 Jubileumsgave til flygelet
- 08.12 Arbeidet i kyrkjelyden
- 24.12 Kirkens nødhjelp
- 25.12 Leif Heggernes sitt misjonsprosjekt

39/2013 Endring av liste for open kyrkje.

Martin går inn for Anny den 16.juni.
Karen går inn for Anny i juli.

Neste møte vert onsdag 14. august kl.19.00

Fauskanger, 16.juni 2013

Kjellaug Fauskanger Eidsaa
skrivar (sign)